

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland stør at det kan innførast ei heimel i lova for merking av fisk. Fylkesutvalet i Hordaland går imot innføring av krav om merking før ei optimal merkeordning er etablert.
2. Fylkesutvalet i Hordaland meiner at å innføre eit krav om bruk av steril fisk no ikkje er rett før det er gjort meir forskning rundt dette temaet.
3. Fylkesutvalet i Hordaland tilrår ikkje å støtte forslaget om å innføre ei avgift for å finansiere offentleg miljøovervaking slik det ligg føre i dag.
4. Fylkesutvalet i Hordaland stør forslaget om ei meir heilskapleg miljøovervaking, men ønskjer ei meir konkretisering av lova i forskrifta slik at det vert eins oppfatning av kva som krevst av nye miljøundersøkingar i samband med søknader. Vassdirektivet har også miljøovervaking og tilpassa miljøtiltak som formål. Fylkesutvalet meiner at dette må sjåast i samanheng.
5. Fylkesutvalet i Hordaland meiner at forslaget om ein avgiftspool for havbruksnæringa ikkje kan etablerast og at ordninga må utgreiast meir før den kan innførast.